



Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse  
Postboks 1093  
5809 BERGEN

Vår ref.  
23/05208-4

Dykkar ref.

Dato  
01.02.2024

## Svar på høyring om nasjonal samordning av masteropptak

NMBU ynskjer å vere med i eit samordna masteropptak.

Vi meiner at det er stor vinst ved stor grad av samordning, men at det er føremålstenleg at kvar lærestad vurderer krav til fagleg fordjuping sjølv. Dette gjeld også eventuelle tilleggskrav sjølv. Vi støttar ei løysing med delvis sakshandsaming for kvarandre, der alle lærestader deler på å handsame dei grunnleggjande krava som bachelorgrad og språkkrav i norsk og engelsk. Dette inneber ein felles teknisk løysing med ein felles søkarportal der søkarane leverer ein søknad til alle lærestadene.

### **Autonomi**


Vi er blitt bedt om å svare kor mykje autonomi vi er villige til å gje i frå oss. Vi meiner det er svært store fordelar ved ei nasjonal samordning med felles reglar, fristar og ein felles søkjeportal. Erfaringar frå Samordna opptak til grunnstudium gjer at vi meiner at å verte samordna på desse punkta er ein fordel, og ikkje ei ulempe.

Handsaminga av søknadar ved NMBU er delt i to. Opptakskontoret handsamar generelle krav, som fullført grad og språkkrav. Fagleg fordjuping vert handsama ved fakulteta. Det vil verte opptakskontoret som merkar ei samordning i størt grad.

### **Fristar**

Felles fristar vil gje lærestadene langt meir pålitelege tal undervegs i opptaket, og difor betre oversikt over søkjarar. Vi meiner felles fristar er naudsynt ved ei samordning, og støttar dei felles fristane nemnt i brevet :

- Felles frist for å melde inn studieportefølje til opptaket.
- Felles frist for å trekkje studiar frå opptaket.
- Felles frist for namneendring av studiar i opptaket.
- Felles dato for køyring av opptak.
- Felles svarfristar for søkjarane.



Når det gjeld høve til omprioritering av studieynskjer, så meiner NMBU at søkjarane må ha høve til dette i ei periode. Fristen for omprioritering må være minst et par veker før fyrste runde med tilbod til søkjarane.

### **Regelverk**

NMBU har følgjande innspel til felles, nasjonalt regelverk:

Dersom søkjarar har meir enn 180 studiepoeng foreslår vi at snittet kan reknas av søkjarens 180 mest relevante poeng. Dersom rangering skal gjerast berre på fordjuping, bør rangering kunne gjerast på dei mest relevante emna, uavhengig om dei er med i grada eller ikkje. Alle fag som er i naudsynete for å dekke fordjupinga, må være med i rangeringa.

NMBU ynskjer å nytta motivasjonsbrev og intervju i rangeringa av sine søkjarar til enkelte program.

Søkjarar utan gradert karakterskala eller søkjarar med gradert karakterskala for mindre enn 40 studiepoeng av berekningsgrunnlaget, vurderast individuelt ved NMBU i dag. Søkjarar må leggje frem dokumentasjon på kompetansen dei har oppnådd, som emnebeskrivingar eller portfolio.

### **Opptak på vilkår for søkjarar med 150 studiepoeng**

NMBU er positive til opptak på vilkår for søkjarar som har 150 studiepoeng.

Det er ein stor fordel for lærestader at mykje av handsaminga blir gjort ferdig så tidleg som mogleg. At søkjarane får svar tidlegare enn før vil være gunstig, sidan dei da vil få betre tid til å førebu eventuell flytting før studiestart.

Vi legg til grunn at det er tydelege reglar for kvalifisering og rangering. Til program med mange søkjarar vil emne tatt i siste semester kunne gje utslag på rangeringsrekkefølga. Det vil truleg også være søkjarar som fullfører fagleg fordjuping i siste semester av grada. Vi meiner det er naudsynt å ta høgde for at desse søkjarane kan rangerast på nytt etter at dei har fullført 180 studiepoeng, og halde att plasser for å kunne gje tilbod til enkelte søkjarar etter eksamen i vårsemesteret.

### **Relevant praksis**

Det er naudsynt med tydelege reglar for kva som kan reknast som relevant praksis til dei studieprogramma som dette gjeld. Vi foreslår at læresteda vurderer relevant praksis sjølve.

### **C-krav**


NMBU meiner at det bør være eit C-krav for opptak til master.

Vi meiner C-kravet bør gjelde for grunnlaget for rangering. Dersom heile graden skal være grunnlag for rangering, bør C-kravet gjelde for heile graden. Om søkjarar vert rangert på grunnlag av ei fordjuping, så bør C-kravet gjelde fordjupinga.

På NMBU i dag dekkes C-kravet med eit snitt på 2,5 poeng.

### **Finansiering**

Lærestadene har vorte bedt om å kommentere på finansieringsmodell. Per i dag saksbehandlar lærestadene alle sine søkjarar til sine masterprogram, og ei



samordning av dette vil redusere delar av denne arbeidsmengda.  
NMBU ser ikkje for seg at det er naudsynt med ei sentral eining som handsamar  
ei gitt gruppe søkjarar.

Med helsing

Elise Norberg  
Prørektor for utdanning

Ole-Jørgen Torp  
Studiedirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Kopi til: Prørektor for utdanning v/Elise Norberg, SA - Studieavdelingen v/Ole-Jørgen Torp

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse		Postboks 1093	5809 BERGEN